



Majo Eigedom AS
Lindåsvegen 154
5916 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/4655 - 20/18361

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.04.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 141/86 Kvamme nedre

Tiltak: terrengmur
Byggjestad: Gbnr: 141/86
Tiltakshavar:
Ansvarleg Majo Eigedom AS
søkjjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.02.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltakshavar er ikkje oppgitt i søknaden, søknad er signert av søkjjar. Om vi skal leggja til grunn at det er eigar av gbnr 141/86 Hjalmar Petersen som er tiltakshavar, må vi få stadfesting i form av fullmakt eller signatur frå vedkommande.
2. Muren er omsøkt nærare enn 4 meter og ca.0 meter frå eigedom gbnr 141/89 Asgeir Kvamme på begge sider og ca. 2 meter frå gbr 141/85 i sør-aust. Det ligg ingen samtykkje på akseptert plassering frå grunneigare i saka. Søker De om dispensasjon frå PBL §29-4 med omsyn til både byggjegrense mot veg og avstand til naboar?
3. De skriver at muren skal følgje stigning på kommunal veg KV03 og sikre regulert fortau. Vi sender søknad på høyring til Vegavdelinga sidan tiltaket kjem nærare enn 4 meter til kommunal veg, fortau og veg for teknisk anlegg regulert i planen.
4. Murhøgde i fasade sør-vest mot leikeplassen blir jevn på 1,2 m, i fasade nord-vest er oppgitt frå 0,4 m til 1,2 m, men det er ikkje oppgitt lengde på muren på begge sider.
5. Vi ber om opplysningar om materialval og type gjerde for muren.

6. Vi sender søknad på høyring til VA-avdelinga sidan tiltaket kjem nærare enn 4 meter til kommunale VA-leidningar:



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.05.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154

5916

ISDALSTØ